



Jnr. 1304.14

Gjg

Hordaland fylkeskommune  
Regionalavdelinga  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Att: Arthur Arnesen

#### Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2014

Vedlagt ligg Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2014, godkjent av styringsgruppa for bruk av midlane i møte 19.11.14.

Arbeidsutvalet for bruk av kompensasjonsmidlar har hatt ein grundig gjennomgang av innkomne søknader frå bedrifter og kommunar . Ut i frå kriteria for bruk av midlane er det gjort prioriteringar på kva prosjekt som bør få støtte frå kompensasjonsmidlar og kva prosjekt som ikkje kan få støtte.

Då fylkesutvalet skulle godkjenna Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2013 vart det stilt spørsmål til om ein del av prosjekta var innafor kriteria for bruk av midlane og fylkesutvalet har og skjerpa kriteria for tildeling av midlar i 2014 ved at støtte til kultur og idrett skal ha ein dokumentasjon på næringsrelevans. Dette er det teke omsyn til i dei prioriteringane som er gjort.

Det var usikkert om søknad om midlar til realfagprosjektet TERS egentleg var ein rapport for tidlegare avsette midlar. Styringsgruppa vurderte den som ein søknad og prosjektet er skrive inn under kapitelet for søknadar som ikkje har fått støtte.

Dersom det skulle vera spørsmål til planen , ta kontakt med underteikna.

Sunnhordland, 24.11.14

Med venleg helsing

  
Gro Jensen Gjerde

sekretariat